

## Studieplan for treskjerarkurs med noko teikning – 45 timar

### **Innleiing – litt historie om faget.**

Å skjere figurar og ornament i tre er eit gammalt og utbreidd handverk. I Norge nådde treskjeringa – eller treskurden – sitt første høgdepunkt på 800-talet med Osebergskipet.

Får middelalderen har vi stavkyrkjeportalar og kyrkjelege skulpturar. På 1600- og 1700-talet kom bilethoggarane eller biltsnidere, som spesialistane i faget kalla seg. Dei arbeidde med kyrkjekunst, finare møblar og anna inventar, men også med treskjerjing til vogner og sledar. Også snikkarar, stolmakarar og andre handverkarar laga treskjerararbeid.

Det er fleire ulike skurdtypar; **flatskurd (eks. Dragestil)** med roleg overflate, **karveskurd** også med plan overflate med geometriske mønster skoren ned i treverket, og **krillskurd (eks. Dølaskurd)** der ornament og figurar i kraftig relieff og ofte med gjennombrutne partiar. Uttrykksformene varierer frå stad til stad, og dei har endra seg i historias løp. Treskjeraren arbeider med ornament, bilete, figurar og skulpturar, anten det er eigne treskjerarprodukt eller som delar av eit større arbeid. Treskjerarfaget har stor spennvidde – frå kopiering med strenge geometriske grenser til nyskapande fri formgjeving med ulike visuelle verknader.

I dag omfattar treskjerarfaget restaurering, produksjon og nyskaping. Treskjeraren tek vare på store kulturelle verdiar og skapar nye verdiar basert på gamle tradisjonar. Faget er nær knytt til snikkarfaget, og saman formar dei ein dekorativ heilskap. Den profesjonelle treskjeraren må kunne meistre heile prosessen frå ide til resultat innan dei ulike uttrykksformene.

Treskjerarkurset på Hjerleid i regi av Senter for Bygdekultur legg vekt på materialkunnskapar, verktystell/sliping, praktisk treskjerjing og litt generelt om stillære.

### **Målsetting med kurset:**

Målet er å gje vaksne og ungdom innføring i treskjerarhandverket. Det er viktig at unge folk får interesse for handverk, da det er behov for den kunnskapen i samfunnet i dag. Det er og givande for eldre og pensjonistar med meiningsfull og skapande fritid.

### **Nivå:**

Kursa er både for nybyrjarar og for dei som har skore litt før.

### **Læremiddel:**

Instruktørane utarbeider teikningar, modellar og ferdig emne til kvart kurs. Kr 300-500,- i materialkostnad. Ønskjer du noko spesielt, så kontakt oss i god tid så vi kan lage ferdig emne til deg.

### **Innhald:**

Innføring i oppbygginga av mønsteret, ein ”krull”, litt om material/emne og emneval, litt om ulike treslag, verkty/verktystell/sliping, forskjellig slipeutstyr og praktisk skjering på ulike emne/mønster.

**Undervisningsmetode:**

Vi har max 7-8 deltakarar på kvart kurs slik at instruktøren får jobbe med kvar deltakar fleire gonger for dagen.

**Timetal:**

Kurset er på 45 skoletimar med instruktør under heile kurset. Verkstaden er ope om kvelden, slik at ein kan arbeide vidare der, og ofte er instruktøren til stades der.

**Instruktørane:**

Instruktørane på desse kursa har lang erfaring og/eller sveinebrev i faget, og dei har hatt fleire kurs for ulike grupper.

**Ta med:**

Eigne treskjerarjern, om du har, for då kan du, om du vil, slipe dei på kurset.

Vi har treskjerarjern til utlån for alle deltakarane.

Gjerne blyant, viskelær og passar om du har.

Gode sko er lurt når ein skal stå å skjere heile dagen.

Kleder som toler flis og støv.

*kurslærer uke 27, ikkje bestemt ennå*